



RANDI BJØRLO
randi@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 70



ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 74



ENDRE HOILAND
endre@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 77



Kvernhusmyrane 29, Knarvik senter - 5914 ISDALSTØ - TLF: 56 35 55 55 - FAX: 56 35 55 56 - avisa@nordhordland.no

Lenge leve skulen

Det er massiv motstand i regionen mot å leggja ned Austrheim vidaregåande skule, slik det vert foreslått i fylket sin skulebruksplan. Forslaget får en samla region til å reisa bust.

Nordhordland er i vekst og har vore ein føregangsregion i forhold til skuleutvikling på fleire område. Det er her TAF såg dagens lys i si tid, med tidlegare yrkesskule- rektor Martin Reigstad som primus motor. Lindås gymnas har vore ein pådriva for ordninga med å senda elevar eit skuleår til Cardiff.

Med Mongstad i vår midte, ligg alt til rette for vekst og utvikling innafør fleire interessante utdanningsfelt. Igjen kan regionen vår koma til å spela ei viktig rolle i så måte. I dette bildet har Austrheim vidaregåande sin naturlege plass.

Fleire spennande tankar og idear vert lanserte i prosessen rundt å hindra nedlegging av AVS. Austrheim-ordføraren inviterer nyleg fagfolk og andre involverte til ein idedugnad der målet var å tenkja heilt motsett. Her kom det fram fleire interessante tankar.

I dagens avis kan ein lesa kva haldning både Regionrådet Nordhordland og Nordhordland handverk og industrilag har til den vidaregåande skulen i nordre delen av regionen. Ein skule som betyr mykje ikkje berre for elevar frå området rundt, men og for elevar frå nabofylket.

At Bergen slit med å få fylt opp alle sine skuleplassar, kan ikkje kompensere med å leggja ned ein trygg og god skule i distriktet.

Frå fleire hald vert ideen om eit nytt skulebygg i Mongstad-området lansert. Ei plassering som vil gagna både elevar og bedrifter. Næringslivet i denne regionen treng eit godt og framtidssretta vidaregåande skuletilbod.

Vi forventar at det samstemte påtrykket som kjem frå Nordhordland, vil bli lagt merke til og tatt omsyn til når fylkespolitikarane skal ta den endelege avgjerda om eit par månadar. Det ligg eit særleg ansvar på Nordhordland sine representantar om å markera seg i denne saka. Alt anna vil vera eit svik mot veljarane.



OPTIMISME: «Vestlandsindeksen» syner at det er all grunn til optimisme i regionen.

Optimisme pregar næringslivet

Næringsparken i Meland er attraktiv til tusen, og store delar av næringslivet i Nordhordland er prega av optimisme.

IRENE BRATTENG JENSEN
irenejensen@nordhordland.no

Torsdag inviterte Sparebanken Vest til konferansen «Vestlandsindeksen», som tar temperaturen på bedrifter og næringslivet på Vestlandet.

– Utviklinga reflekterer næringsstrukturen. Det er klart at viss Mongstad hadde blitt tatt vekk og slutta å kjøpa noko som helst av lokale leverandørar, hadde det vore eit alvorleg sjokk for regionen. Eg trur personleg at Mongstad kjem til å bli oppretthalde, kanskje i ei litt anna

form og kanskje på eit litt anna nivå, seier Hallgeir Isdahl, direktør SVP Markets.

Stort potensial

Han synes ikkje det er grunnlag for stor pesimisme for utviklinga i regionen. – Denne regionen har stort potensiale, det er fint å bu her og det ligg nær Bergen. Ein bør bruka dei største fortrinna som regionen har, i tillegg til fagkunnskapen, seier Isdahl. For at Nordhordland skal tiltrekka seg endå fleire gode bedrifter, meiner han ein må tilretteleggja for etablerarar. – Ein må byggja infrastruktur og jobba industrielt med tanke på å tiltrekka seg ny kompetanse og nye bedrifter, seier han.

Vekst og positivet

Daglig leiar i Mjåtveit Næringspark, Lene Haug synest Nordhordland er ein spennande region å jobba i.



Mjåtveit Nærings

– Her er det mykje vekst og positivet. Det trykket vi opplever her ute, med samarbeidsevne og måte å jobba på, er veldig bra, seier Haug.

Ho fortel at ho var litt spent på korleis det ville bli, då dei gjekk i gang med Mjåtveit Næringspark.

– Vi hadde eit veldig godt inntrykk av Meland kommune og næringslivet, men vi lurte ein del på om kommunen er like næringsvennleg som dei gav uttrykk for.

Haug fortel at dei aldri før har hatt eit prosjekt som har hatt raskare framdrift enn Mjåtveit Næringspark.

– Det har gått sinnsykt fort. Det har ikkje vore noko prosjekt vi har blitt purra meir på enn næringsparken.



DAGRUN STOKKE
dagrun@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 75



MORTEN SÆLE
morten.saele@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 73



IRENE B. JENSEN
irene.jenssen@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 71

Kjørde i 130 km/t

Ein mann frå Estland vart målt til 130 km/t i 80-sona på E39 ved Vikanes. Då hadde UP følgd bilen frå Romarheimsdalen. Han er mistenkt for promille etter at ein utandringstest viste 0,7. Han hadde heller ikkje godkjend førarkort.

Kjem ut onsdag og lørdag • Sjå www.nordhordland.no for prisar og info. Redaktør Randi Bjørlo: 56 35 55 70 • Marknadssjef Roger Myhr: 56 35 55 60



MJÅTVEIT NÆRINGS-PARK: Næringsparken har fått ei rekkje interessentar, og vil når den er utbygt ha 250-300 arbeidsplassar.

park ekspanderer i rekordfart - treng meir areal

Ho fortel at kjøparar har vore svært ivrige på å kjøpa tomter.

– Folk har ønska å skrive kontrakt før vi hadde entreprenørar på plass, seier ho. Tidlegare i år vart beslutninga tatt og i mai signerte dei kontraktene.

Ein spennande region

– Omtrent same veke signerte vi dei første kjøpa, i august leverte vi ferdig planerte tomter og neste år vil dei første bygga reisa seg, seier den daglege leiaren. Ho meiner styrken til regionen er den gode dynamikken og samarbeidsformene.

– Vi er veldig fornøgd med kommunen. Dei er næringsvennlige og ein blir

tatt vare på når ein kjem som ny, seier Haug som fortel om ein tøff men kjekk kjekk prosess å igangsetja ein næringspark her i regionen.

– Faktisk så kjekt at vi allereie no har begynt å lura på om vi har stort nok areal. Kanskje vi burde byggja ut eller sjå aktivt etter andre areal i regionen. Det skjer mykje spennande her, som det er gøy å vera ein del av, seier Lene Haug.

Blir lagt merke til

Meland-ordfører Nils Marton Aadland seier at satsinga i Mjåtveit næringspark blir lagt merke til langt utover Nordhordland.

– Den type positiv fokus fører til at flei-

re kastar sine auge på Meland som etableringskommune, seier Aadland.

Næringsparken har fått ei rekkje interessantar, og vil når den er utbygt ha 250-300 arbeidsplassar.

Meland-ordføraren kjenner til at Liegruppen, som Mjåtveit Næringspark er ein del av, ser seg om etter meir areal i same område, utover dei 100 dekar som er regulert til utbygging.

– Selskapet driv seriøst og godt. Det er eit funn for Meland kommune å ha ein slik aktør innanfor sine grenser, seier ordføraren, som legg til at kommunen i kommuneplanarbeidet har stort fokus på å få finna aktuelle næringsareal i alle delar av kommunen.

Vi snakker muligens her om
DEN BESTE
elementgarasjen på markedet...



Bygget for det tøffe vestlandsklimaet:

- Innendørs elementproduksjon
- Ferdig grunnet kledning
- Fukt og vindsperre som standard
- LOBAS® Garasjeport i stål

Kontakt oss snarest så vi kan undebygge vårt utsagn!



Damsgårdsveien 72, 5058 BERGEN
55 34 11 19 • post@bjorgvin-garasjen.no
www.bjorgvin-garasjen.no



Hygg deg ombord på HURTIGRUTEN

På vei til og fra høstferien

Ta HURTIGRUTEN på korte turer

790,-

Pris pp. pr degn i innv. dbi.lugar, ingen måltider. Periode: 15.sept.-31.des 2012.

Ring 810 30 000 eller kontakt ditt reisebyrå. www.hurtigruten.no



HURTIGRUTEN